

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 74	Utkommer hver måned	November 1936	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	7. årg.
--------	---------------------	---------------	--------------------------------------------------------	---------

Guds fred.

Guds fred med dem som strider
i Gud den gode strid.

Guds fred med dem som lider
i denne onde tid.

Guds fred med små og store
som gledes ved sin dåp
og bærer troens frukter
i kjærlighet og håp.

Guds fred med hver som beder
et ærlig hjertes bønn,

Guds fred med hver som gleder
sin næste — helst i lønn.

Guds fred med alle, alle
som vender sig til Gud.

Guds fred i hjertet falle
og slå i livet ut.

Jonas Dahl.

Konfirmasjonen.

Den 13. jan. 1736 sende kong Kristian IV ut eit påbod um at konfirmasjonen skulde innførast i Norig og Danmark. Konfirmasjon i ymse former hadde der vore i kyrkja frå eldgamal tid. Men den form vi no brukar er altso 200 år gammal iår. I fyrstninga var der mange stader uvilje mot konfirmasjonen. Folk lika ikkje dette nye som dei sjølv ikkje hadde vore med på i sin ungdom, og dessutan drog det borna burt frå heimearbeidet i den travlaste årstida! No er det onnorleis. No er konfirmasjonen ei populær kyrkjeleg handling. Konfirmasjonsdagen er for folk flest ei av dei største kyrkjehogtider vi har. Då er kyrkjene fulle alle stader. Då syng vi dei gamle kjære salmane våre. Då ser vi desse unge, gutter og gjenter, på kyrkjegolvet og på kne framfor altaret, og det grip oss underleg um hjarta. Og vi høyrer dei gamle orda, som har vore brukt hjå oss i 200 år, i 6 ættleeder, um å forsaka og

tru, um å halda ut til vår siste stund. — Jau, der er høgtid, stemning, glans over konfirmasjonssundagen.

Det er jo naturleg å ha ei slik heilag handling i det kristne livet. Guds velsigning vil jo fylgja den kristne gjenom heile livet, frå vogga til grava, og dette er uttrykt i dei heilage handlingar. I dåpen kjem Jesus og velsignar det vesle barnet som nett er kome til verda. I konfirmasjonen lyfter han sine signande hender over dei unge som for ålvor skal gå inn i livsens strid. I brudevigsla vil han signa dei som går inn i ekteskapet. I den siste altargangen fyre døden kjem han med nåde og signing til den som skal inn i den siste striden som ventar oss menneske her på jorda. Og i jordfestinga lyd hans signande ord over våre graver. Soleis vil Gud fylgja oss i dei heilage handlingar frå dåpen til jordfestinga, og her har konfirmasjonen sin naturlege plass.

I alle heilage handlingar skulde vi alltid fyrst og fremst tenkja på det som Gud gjerer. Vi vil gjerne tenkja fyrst på oss sjølve, kva vi gjerer eller kjennuer eller upplever. Det er ikkje rett, for det viktigaste er alltid Guds gjerning i allmakt og nåde. Soleis og i konfirmasjonen.

Kva er det som hender ved konfirmasjonen? Det fyrste som skjer er dette: Jesus, vår herre og frelser, kallar på konfirmanden si sjel. Der er eit kall frå Gud, til å høyra Jesu røyst og fylgja den. Det som konfirmandlesinga og sjølve konfirmasjonen skulde vera til er dette: Guds kall skulde verta levande for den unge, so Jesus kunde få draga han nærmare til seg. Kallet til å gjera ålvor av kristendomen skal lyda i hans hjarta. Som born er vi ved dåpens nåde hjå Gud. Men når ein kjem ut or

barndomstida, må ein sjølv velja og setja seg fyre å vera og leva som ein kristen. Dette er det som Gud kallar til ved konfirmasjonen. Jesu røyst lyd til den unge, og lukkeleg er den som høyrer og fylgjer.

Men dernæst: Ved konfirmasjonen vil Gud styrkja oss til å forsaka og tru, til å strida mot det vonde og leva som kristne. Gud vil gjeva si signing og hjelp ved sin ande. *Con firmare*, som ordet konfirmasjon kjem av, tyder i grunnen: gjera sterke, modig, fast. Dette er Guds gjerning: gjera oss sterke, modige, faste til den striden som ventar oss, mot Djævelen og verda og kjøtet, mot alt vondt og stygt og stakarslekt. Han vil gjera oss sterke, modige, faste: til å fylgja Jesus, vera truande, vera lydige, til å leva i bøn, i syndsforlating, i Guds ord, i det heilage sakramente. Vi må ikkje gjeva upp, i stakarsdom og veikskap. Vi skal halda ut, stå faste, vera truaste mot vår Gud. Det er det som Gud vil hjelpe og styrkja oss til. »Eg formår alt i Kristus som gjer meg sterke.«

Guds kall i vårt hjarta, Guds styrkjing i vår sjel, — det er innhaldet av konfirmasjonen, det er meinings med denne heilage handling. Då ser vi på den ifrå Guds side, som ei Guds gjerning, eit av dei midlar som han brukar for å gjeva oss sin nåde.

Men so må vi dernæst sjå på konfirmasjonen frå vår, frå mennesket si side. Vi har set kva Gud gjerer; so gjeld det um kva vi skal gjera. Jesus kallar, — vi må høyra på hans røyst. Gud gjev sin nåde, — vi må ta imot. Gud rekkjer si allmektige frelsarhand ned frå himmelen til oss menneske, full av nåde og hjelp og sæle. Vi må rekkja ut vår hand og ta imot. Det vil seia: Det gjeld um at vi vil fylgja Jesus i tru.

Ein talar svært um konfirmasjonslovnaden. Ein legg vekta på dette at ein lov var å forsaka Djævelen, å tru på Gud, å stå fast til si siste stund. Det er eit stort spørsmål um det er rett og heldig. Det ein skal leggja vekta på er heller dette, at konfirmasjonen er ei vedkjenning, ein bekjennelse. Den uttrykkjer eit ynskje, eit forsett, ein vilje. »Eg forsakar,« «eg trur,« det vil jo seia: Eg vil forsaka, eg vil tru, eg vil halda fast på Jesus til min død. Det er den ærlege viljen som er um

å gjera. »Det er viljen som det gjelder, viljen trigjør eller feller.« At ein har det levande ynskje um å høyra Jesus til. At ein set seg fyre i sitt hjarta å leva som ein verkeleg kristen og ikkje som ein namnkristen. Viljen er jo det avgjerande i mennesket meir enn tanken og meir enn følelsen. Dersom Gud verkeleg eig viljen vår, då eig han oss; men um våre tankar og våre kjenslor er på hans side, kan vi likevel vera burte frå han i røynda. Den konfirmant som har det ærlege forsett, det levande ynskje, den faste vilje til å høyra Jesus til, — han har i konfirmasjonen høyrt Jesu kall, og han får i konfirmasjonen Guds velsigning.

Og so må vi hugsa på ein ting: Dei er born dei som vert konfirmerte. Det er jo eit spørsmål um ikkje konfirmasjonen, nårrett var, burde vore seinare, i 20-års alderen, eller og tidlegare, i 9—10-års alderen. No er konfirmantane born, men i den vanskeligaste tida, i overgangsalderen. Vi kan ikkje krevja det av dei som vi vilde venta av ein voksen, når det gjeld ansvar og skyn. Ofte vil det vera grunt og overfladisk det som går fyre seg i deira hjarta og difor lite varigt. Men kven av oss vil tvila på at Gud velsignar ogso den barnlege vilje og det barnlege forsett. Og eg trur i allfall at mange, svært mange av konfirmantane i våre bygder er ærlege for Gud under den heilage handlinga.

»Ja,« seier du kanskje, »men enn etterpå? Kor går det seinare? Kor mykje levande kristendom er der att i alle desse konfirmerte 5 eller 10 år etter konfirmasjonen? Sjå berre på ein slik ting som altargangen! Et de ikkje kjøtet av Menneskjesonen og drikk hans blod, so har de ikkje liv i dykk, seier Jesus sjølv. Men kor mange unge ser vi ved Herrens bord? Kva hjelp er det um dei meinte det dei sa ved konfirmasjonen, når det i 90 av 100 tilfelle ikkje varer ved.«

Vi må jo med bitter sorg vedgå at der er mykje i dette. Vi kan forstå dei som seier: Vekk med konfirmasjonen! Men likevel — kan vi ynskja den burt? Har ikkje konfirmasjon og konfirmantlesing i desse 200 år vore til mykje velsigning for mange, mange menneskjesjeler? Høyrer ein ikkje ofte vitnemål um det? Og har det ikkje noko å seia det kall frå Jesus som konfirmasjonen

er? Dei som meinte det ærleg, sjølv um dei seinare gleid burt — ligg det likevel ikkje att som ei påminning, som eit minne son aldri heilt døyr, og som seinare kan verta ei hjelp til umvending? Og vilde det vera til gagn for heile kristendomen si stilling i vårt folk, um det vart sopt vekk, alt dette med konfirmasjonen?

Trass i alt, slik som tilhøvet enno er i våre bygder, so er det nok rett å halda på konfirmasjonen. Men ein ting lyt vi streka under, og det er kor viktig fyrebuinga til konfirmasjonen er. For det fyrste: Vi skulde hugsa på for ei viktig fyrebuing bøna er. Vi bed for våre konfirmandar i kyrkjebøna. Men vi skulde gjera det elles og, alle som brukar å be. Bed for konfirmandane i sokna, for presten, for dette viktige arbeid som konfirmandlesinga er. Og dernæst: Kven er det som fyrebur ein konfirmand? Lærarane i folkeskulen? Visseleg. Presten i kyrkja? Visseleg. Men hugs på: Den som fyrst og fremst fyrebur eit barn til konfirmasjon, det er heimen til barnet. Den ånd som der råder, den set i regelen sitt stempel på barnet, til godt eller vondt. Den har meir å seia oftaste enn alt det ein lærar eller prest kan gjera. Er det guds frykt og ålvor og ansvar som råder, eller verdslegdom og tankeløyse og ansvarsloyse? Å, for eit ansvar alle forldre har for borna sine, fyre konfirmasjonen og etterpå!

Måtte Gud sjå i nåde til alle våre konfirmandar, til alle våre heimar, til alle unge og alle gamle, so vi måtte høre Jesu røyst og fylgja den i forsaking og tru. Amen.

Notistar.

Døypte: 20. sept. Ansgar Karstein, f. 14. juli av f. Matias Andersson Hengen og k. Alecte Matiasdtr. (f. Frøyen). — 27. sept. Kari, f. 10. aug. av f. Alf Andersson Skarstein, Isane, og k. Dina Didriksdtr. (f. Isane). 4. okt. Egil Ola, f. 8. aug. av f. Einar Pedersson Brobakke og k. Olina Matiasdtr. (f. Nave). — S. d. Astrid Gunnhild, f. 9. juni av f. Reidulf Henriksson Eldevik og k. Jenny Andreasdtr. (f. Angelhaug). 11. okt. Hjørdis, f. 16. juli av f. Birger Hansson Indredavik og k. Kaia Johannesdtr. (f. Sunde).

Ektevigde: 19. sept. i Vågå Olav Rosenlund og Liv Johannesdtr. Sunde. — S. d. i Vågå Kristen Mikkelsen Berglund, Davik og Agnes Kristiansdtr. Heggenlund. — 26. sept. Erling Paulsen, Laksevag, og Gudrun Matiasdtr. Bruvoll, Davik. — 10. okt.

Knut Hansson Indredavik og Gudrun Amundsen, Nes på Romerike.

Til sjømannsmisjonen kom inn i året 1935—36: Aalfot avd. v. Anna Nyvold 140 kr. — Maurstad og Rimstad kv.f. v. Anna Solheim 127. — Bøsse-pengar 123. — Barneforein. »Sjøfuglen« v. Martha Havnen 87.15. — Nordstrand m.l. v. L. Brunsvik 80. Tilsammen 557.15.

Basar: Davik 29. sept. til gamleheimen kr. 168.52.

For 100 år sidan. Døde: 3. nov. Christi Pedersdtr. Hous, kårkone, 76 år. 2. nov. Michel Hanssen Lofnæs, husmann, 69 år. 13. nov. Hans Andersen Husevaag, tjenestekarl, 55 år. Kari Abelsdtr. Rugsund, kårkone, 74 år. 30. nov. Anders Augustinussen Leergulen, gårdmann, 52 år. 17. nov. Marthe Isaachsdr. Skarsteen, kårkone, 80 år.

Gudstenester:

- 23. sund. etter triein. 15. nov.: Davik.
- 24. sund. etter triein. 22. nov.: Rugsund.
- 1. sund. i advent, 29. nov.: Aalfot.
- 2. sund. i advent, 6. des.: Davik.
- 3. sund. i advent, 13. des.: Rugsund.

Kvittering for kontingen: Hanna Sjømæling, Anne Ekerheim, Brita Isane, Jakob Heggedal 2 kr. Lars Torheim, Ole H. Myklebust, Jørgen Eldevik, Jon Runshaug, fru Wiese 3 kr. — Lars J. Maurstad, Kristian Rimstad, Marie Berge 2.50. — Kristine Lutentun 4 kr.

Hjarteleg takk til alle.

† Våre døde.

- 21. sept.: Jakob Oskarsson Wiik; ug. gardsarbeidar; f. 1918; hjartelaming.
- 30. sept.: Petrine Olsdtr. Strømmen; ug. tenar; f. 1871; gulcott.
- 9. okt.: Josef Martinusson Askeland, ug., f. 1853; alderdom.
- 19. okt.: Synnøve Torheim, enkje etter kerar Berge Torheim, Hennøy; f. 1850; slag.

Leid meg på æveleg veg.

Salme 139, 24.

Forteljingar um Claus Frimann.

Dei gamle hadde ikkje lite å fortelja um Frimann.

I 1815 var det two gutar frå Myklebust i Rimstaddalen som las for presten. Dei skulde læra den duble forklåringi, men las lite. Den eine var Ola, seinare vidgjeten som spelemann. Han arbeidde feleskrinet sitt den sunnaren. På uttakingsdagen slapp ikkje Myklebustgutane fram. Dei gret og let ille. Då sa presten: »Skal jeg hente amme til eder kanske! Forklaringen skal læres!« Det nytta korkje med bøn eller betaling.

Frimann hjelpte fram unge gutar so dei kunde læra nyttige handverk. Ein Peder Jonsson Bøen fekk han i snikkarlære i Bergen, ein gut frå Haus vart upplærd til skomakar. Ei gjente som var terne i prestegarden og sers flink, tok han seg mykje av. Ho heitte Ingeborg Raki. Henne lærde han upp til å reinsa og skjera gåsepennar. Ho skulde sitja inne hjå presten og læra seg å skriva. Han hadde eit lite ris liggjande på bordet framfyre seg. Skreiv ho Ingeborg keiveleg, fekk ho ris på fingrane, so ho gret. Ho var 18 år då. Frimann sende henne med vengbåten sin til Bergen og derifrå med skip til Oslo, der ho gjekk i skule hjå ein professor. Ho var vel ei av dei fyrste jordmødrene i Nordfjord med attest. Ho vart gift med prestedrengen og spelemannen Samson Jensson Solibakke. Presten fekk dei ein plass og hjelpte dei til hus. Det står enno ved Hamrenausti. — Ein gong døydde der ein dreng hjå presten. Då syrgde han mykje og dikta ein song til gravferdi. Denne songen kunde dei gamle.

Dei kunde fortelja um eit lite hus han bygde seg tett attmed den gamle kyrkje-garden. Den kalla han »Fredens bolig«. Der sat den gamle diktaren tiidt åleine og las eller skreiv. Drengen henta han til måli. Ein gong stogga han på vegen og såg innyver den blanke fjorden og sa: »Det er synd på menneskene som aldri har tid til å se, hvor verden dog er skjønn!«

Der var stort gjesteskap på Frimannslund. Der var árvisse 14 dagars gjestebod, og gjester var alt som storfolk heitte frå innste fjorden og til Vågsberget ut med havet. Jolegjestebod for heile bygdi var heller aldri forsømde. Dei varde ikkje so lenge. Frimann åtte Lausund-gardane på Lepsøy. Eingong fekk mennene der bod um at dei kunde få kjøpa bruks sine um dei vilde. Dei rodde til Åheim, gjekk yver Duva og nådde frå Kjølsdalen til Davik, der nettupp eit storgjestebod var byrja. Sunnmøringane laut venta i 14 dagar mest, fyrr det vart råd å få gardhandelen avgjort. »Me hadde det gildt hjå Frimannsfolket; dei var kostgjæve og heinkasame i handel,« sa gamle Ravall i Lausunda.

Frimann var svært måtehalden i drykk og mat. Han låg i omblaust sovekimmers. —

I fastetida måtte drengen piska han med ris over ryggen. Han var ein godlidande mann, hadde runde rauda kinn, men rauda augne-kvarmar. Han var korkje høg eller tjukkfallen, rask i rørsle og gangelag. Han hadde eit gløgt vit på alle ting og let seg ikkje lett narra.

Han og sonen hadde gullbrudlaup og sylv-brudlaup same dagen. I diktet til dagen stod umlag so:

O Gud lad din solfaldsvind
min skude ind
seile blidelig trygt i havnen!

A. M.

Småstykker.

E n f o l k e s y n d. Olav Vikøren skriver i en liten bok han har gitt ut: »Barnesyn-der« om løgnen: Løgnen er blitt en folkesynd. Den har gjennemboret folkesjelen som pælormen bryggestolpene. Arbeidsliv og samfundsliv med løgn i sig vil ikke stå sig i livets prøve. Den mann og kvinne som lyver, kan ingen stole på. — Du kan se det på veslegutten og småjenten når de ikke taler sant. De tør ikke se dig rolig inn i øinene. Da må vi ikke slippe de små løgnene har sagt sannheten. Som oftest lyver barnet fordi det er redd for å få straff for det de har gjort. Men da skal vi si dem at det er bedre å få straff enn å gå med en løgn som verker i samvittigheten og den samme løgn nedskrevet i Guds bok i himmelen. Men det er et spørsmål om vi skal gi barnet straff når det sier sannheten om sin synd. Tilstår barnet åpenhjertig hvad det har gjort, så praktiserer vi noget av den guddommelige lov når vi tilgir. Misforstå mig ikke. Barnet må få straff for sin synd. Men vi taler her om de tilfeller hvor det gjelder å fremelske sannheten og motarbeide løgnen hos de små. Er vi ikke på vakt for denne synd i barnets liv, så kan løgnen få slik makt at barnet lyver uten å blinke. Synden gjør nemlig hjertet hårdt. Jeg har møtt ungdom i 15—17-årsalderen som rolig har sett mig inn i øinene og sagt: »Sannelig for Gud, jeg skal falle død ned, dersom det er sant,« og så en liten stund etter tilstod at det var sant. Vi må vise barnet hvor fryktelig løgnen er.